



GISKE KOMMUNE

Sosialtenesta

Det kongelige helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr.: 200405135	Dok.nr.: 46
Arkivkode: 520	Journ.dato 300305
Avd.: KTA-STE	Saksbeh.: KOH
U.off.:	

Dykkar ref.:

Vår ref.: 04/1365-2

Arkiv: K1-, K2-F00, K3-&13

Dato: 22.03.2005

HEILSKAP OG PLAN I SOSIAL- OG HELSETENESTENE - HØYRING

Merknader til utkast til lov om sosiale- og helsetenester i kommunene.

I utkastet er det ikkje nemnt noko om **støttekontakt** som er ein av tenestene som sosialtenesta yter.

I § 2-3 oppgåver som kommunen skal ivareta

er avlastningstiltak nemnt i romertall v. Vi vil også at støttekontakt blir tatt med her med eige romertall.

Lov om sosiale tenester §§ 5-1 og 5-2.

I § 2-3 oppgåver som kommunen skal ivareta nr 1. bokstav e romertall vi.:

”Stønad til livsopphald eller for å overvinne eller tilpasse seg ein vanskeleg livssituasjon”.

Heimel for å gjøre vedtak om stønad etter § 5-1 i Lov om sosiale tenester er plassert inn under § 3-1 nr. 1, bokstav e i utkastet. Kor er det heimel i utkastet for å gjøre vedtak etter § 5-2.?

Det bør gå klart fram av loven kva for ein paragraf som skal behandle vedtak etter §§ 5-1 og 5-2.

Lov om sosiale tenester § 5-9 refusjon i yting frå folketrygden m.m.

§ 3-4 (i utkastet) Refusjon av utbetalt stønad ved etterbetaling av andre ytelser, nr 2.

Sosialtenesta kan per i dag ikkje ta refusjon i etterbetaling av barnetrygd og kontantstøtte på grunn av at disse er heimlet i egne lover.

Ved vedtak om økonomisk stønad blir barnetrygd og kontantstøtte registrert som inntekt, samtidig blir utgifter til born registrert som utgift. (Jf. rundskriv I-34/2001).

I enkelte tilfelle får stønadmottakere etterbetaling av kontantstøtte og barnetrygd. Dette er spesielt for innvandrare/flyktninger på grunn av at dei av og til må vente lenge før dei får personnummer som er eit krav frå trygdeetaten for å få utbetalt barnetrygd. I perioden kor dei må vente på utbetaling av barnetrygd får dei stønad frå sosialtenesta som sosialtenesta ikkje kan krevje refusjon for. Dette gjør at dei får dobbelt opp av økonomisk yting og tener på dette i forhold til dei som har dette utbetalt når dei søker om økonomisk stønad frå sosialtenesta.



GISKE KOMMUNE

Sosialtenesta

Sosialtenestelova kapittel 6 Særleg tiltak overfor rusmisbrukere.

Utkastet i den nye loven er for generell i kapittel 3 *Rett til sosial- og helsetenester nr 1 b.*

Lov om sosiale tenester § 10-1 Opphaldskommunen sitt ansvar 2. ledd.

Viktig lov innanfor rus og psykiatri. Kor er dette nedfelt i utkast til ny lov?

Lov om sosiale tenester § 3-2 Samhandling med andre deler av forvaltninga 2. ledd.

Sosialtenesta sitt koordineringsansvar er ikkje tilstrekkeleg presisert i utkast til ny lov om kven som skal ha dette ansvaret. Dette er viktig med tanke på forslaget om samlevedtak.

Kor er Lov om sosiale tenester § 3-2 nedfelt i utkastet?

Sosialpersonell bør få autorisasjon på lik linje med helsepersonell.

Kommentar generelt.

Loven virke noko uoversiktleg og komprimert. Det er ikkje heilt enkelt å finne fram til ret lovheimel.

Tenestemottakar skal også kunne sette seg inn i aktuelle paragrafer på ein lett måte samt at loven skal gjørast reie for og være forståeleg i eit vedtak.

Utkastet sett høge krav til kompetanse til sakshandsamar særleg med tanke på kravet om eit samla vedtak jf. § 3-8 nr 1 og nr 2.

Klageadgangen er komplisert særleg ved eit samlevedtak. (Forvaltningsloven).

Klagefristen bør være den same for Fylkesmannen som for kommunene.

Med helsing

Roger Solem

einingsleiar sosialtenesta

Tlf.: 70 18 81 14

e-post: roso@giske.kommune.no